



Kulturdepartementet

Dykkar ref:

Dykkar dato:

01.07.2019

Vår ref:

19/580/ GHE

Dato:

02.12.2019

Svar på høyring - Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv - Fra kalveskinn til datasjø

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKA MR) viser til høyringsbrev av 01.07.2019 om ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv. Gjeldande lov for arkivfeltet er utdatert og det er derfor svært gledeleg at nytt lovutkast er ute til høyring. IKA Møre og Romsdal vil innleiingsvis presisere at vi ser på det som viktig at den nye lova er meir dynamisk og kan stå seg betre over tid enn gjeldande arkivlov. Samfunnet utviklar seg i stort tempo, og dette må speglast att i den nye lova.

Fleire av dei foreslåtte endringane vil vere kompetansekravjande for kommunane. IKA Møre og Romsdal vil derfor understreke behovet for gode rettleiarar og koordinert kompetanseutvikling i arkivsektoren i samband med implementering av lova.

IKA Møre og Romsdal sin høyringsuttale vil først bestå av ein generell del. Deretter vil ein i tråd med departementet sitt ønske gje kronologisk innspel til dei einskilde lovparagrafar i Arkivlovutvalet sitt lovutkast. Til slutt vil vi kommentere kapittel 23 «Kunnskap, statistikk og forskning». IKA Møre og Romsdal inviterte alle eigarane til høyringsseminar for å kunne få innspel frå eigarane våre. Innspela som kom fram i den prosessen er implementert i dette høyringssvaret.

Generelt

Samanlikna med dagens lov, som i stor grad vektlegg arkiv som kulturarv, vektlegg det nye lovforslaget at lova også skal bidra til å fremje offentlegheit, demokratisk deltaking og forsvarleg offentleg verksemd. Utvidinga av verkeområde er eit døme som styrkar rettstryggleiken og demokratisk deltaking og kontroll. Dei offentlege arkiva er ein sentral berebjelke i demokratiet vårt. Utvidinga av lova sitt verkeområde og styrkinga av dokumentasjonsplikta stiller IKA Møre Romsdal seg positiv til. IKA Møre og Romsdal stiller derimot spørsmål til om namnet på lova vil fungere som ønska. Vi spør om ikkje lova bør heite «Lov om dokumentasjon og arkiv». Begrepet dokumentasjon er lettare å løfte mot leinga i både offentleg og privat verksemd. Namnet på lova vil då også vere meir i tråd med omgrepa i sjølve lovteksta.

IKA Møre og Romsdal er einige i utvalet sitt forslag om at det bør greiast ut kva politisk område lova bør ligge under. Forslaget til ny lov har større fokus på å sikre dokumentasjonsforvaltninga. Ein må

samtidig hugse at arkiv også skal nyttast i eit lengre perspektiv som kjelde for privatpersonar, forskarar og som kulturarv.

Fleire av dei endringane som kjem til syne i lovforslaget vil vere ressurs- og kompetansekreivjande for kommunane. Vi vil derfor understreke at det er behov for særskild merksemd knytt til gode overgangsløysingar.

Lovforslag

Innleiande føresegner

§ 1. Formålet med lova

Formålsparagrafen beskriv kva som er hensikta med lova på ein forståeleg måte. IKA Møre og Romsdal er positive til at formålet med lova stadfestar at lova skal fremje offentlegheit og demokratisk deltaking. Vi har likevel fire konkrete forslag om endringar til denne paragrafen.

For det første meiner IKA Møre og Romsdal at «dokumentasjon om samfunnet» kan tolkast for snevert og framandt for både leiinga av forvaltninga og private aktørar. Samfunnet blir gjerne definert som ei gruppe menneske og relasjonar mellom desse. Det er viktig at den nye lova også må omfatte naturdata i form av observasjonsdata, som til dømes tidvassregistreringar, meteorologiske data, seismiske data frå norsk sokkel og så vidare.

Vi er også positive til at formålsparagrafen har fokus på samtid i tillegg til fortid. Med auka digital datamengde ser ein for seg at ein skal kunne bruke data ved hjelp av kunstig intelligens til å forstå framtid også. IKA Møre og Romsdal meiner som ein konsekvens av dette at bruk av dokumentasjon for å føresjå framtida bør kome med i formålsparagrafen. Vi foreslår derfor at ordlyden i lova sin § 1.1 blir slik: «Formålet med denne lova er å sikre dokumentasjon som skal kunne brukast til å forstå samtid, fortid og framtid, og til å bevare og vidareutvikle Noreg som rettsstat og demokrati».

IKA Møre og Romsdal meiner at tilgjengeliggjering må presiserast i større grad i formålsparagrafen. For at arkiv skal kunne nyttast må dei gjerast tilgjengelege. Demokratisk deltaking og kontroll, rettstryggleik og tillit til det offentlege krev tilgjengeleg dokumentasjon. Vi meiner i denne samanheng at arkivinstitusjonar og forvaltning bør ha som oppgåve å rettleie innbyggjarar og myndigheiter i bruk av dokumentasjon og arkiv.

IKA Møre og Romsdal vil til slutt foreslå å bruke ordet kulturarv i ubestemt form, at nemninga «kulturarven» blir erstatta med «kulturarv» i bokstav d).

§ 2. Verkeområde

IKA Møre og Romsdal gir si støtte til utvalet sitt forslag om å utvide verkeområdet. Dette er eit grep som vil føre til at viktig dokumentasjon blir tatt vare på uavhengig av korleis tenesta er organisert. Gjennom lang tid har for snevert verkeområde vore ein kjent mangel i gjeldande arkivlov. Dette har ført til tap av dokumentasjon frå aktørar som leverer lovpålagde tenester på oppdrag frå forvaltninga. Vi opplever at kommunane i Møre og Romsdal mottok innsynskrav i arkiv som fell utanfor verkeområde til lova i dag. Å få desse verksemdene inn under regelverket vil styrke rettstryggleiken og sikre dokumentasjon som gjer det lettare å vurdere kvaliteten på dei tenestene som har blitt levert.

IKA Møre og Romsdal er skeptiske til at kongen heilt kan fjerne dokumentasjonsplikt for store private aktørar som er omfatta av lova sin §2 bokstav c). Store private verksemdar er viktige samfunnsaktørar, og bør ikkje vere unntatt dokumentasjons- og avleveringsplikt. Desse verksemdene

bør ha eit minimum av dokumentasjonsplikt og plikt til å avlevere arkivmateriale. IKA Møre og Romsdal foreslår som ein konsekvens av dette at lovteksten blir endra til «Kongen kan i forskrift delvis gjere unntak for verksemder omfatta av bokstav c frå plikta til å følgje denne lova dersom dette blir rekna som nødvendig ut frå omsynet til arten til verksemda, konkurransesituasjon eller andre særlege forhold».

§ 5. Definisjonar

IKA Møre og Romsdal er positive til skiljet mellom dokumentasjon og arkiv. Paragrafen kunne med fordel inneheldt fleire definisjonar av andre omgrep som til dømes dataminimering, sletting og langtidsbevaring. Dette er omgrep som lovutkastet nyttar og bør etter vår meining definerast nærare.

II. Plikt til å dokumentere og til å bevare dokumentasjon

Vi stiller oss positive til tydelegare krav til dokumentasjonsplikter.

§ 6. Dokumentasjonsstrategi

IKA Møre og Romsdal meiner det er fornuftig å pålegge offentlege verksemder å ha ein dokumentasjonsstrategi. I gjeldande arkivforskrift §4 er det krav om arkivplan. Det er også krav om at øvste leiinga i organet må sjå til at arkivarbeidet blir omfatta av organet sin internkontroll. Slik sett er ikkje kravet om leiaransvar for arkivarbeidet nytt. IKA Møre og Romsdal stiller seg likevel positiv til at «Øvste organ i verksemder (...) skal vedta dokumentasjonsstrategien minst ein gong kvart fjerde år». På den måten vil ein kunne etablere meir strategisk arbeid innan fagfeltet og dokumentasjonsstrategien vil bli eit styringsdokument i verksemdene.

§ 7. Dokumentasjon i felles system

IKA Møre og Romsdal er positiv til at lova legg til rette for bruk av «felles system». Slike system har blitt nytta på tvers av og mellom forvaltningsnivå i lang tid. Gevinstane er betydelege og ein kan ikkje sjå for seg at det vil bli færre slike løysingar i framtida. På bakgrunn av dette er det bra at det blir lovfesta krav om klare ansvarsforhold.

§ 8. Plikt til å dokumentere kommunikasjonen til verksemda

IKA Møre og Romsdal er positiv til at kommunikasjon til og frå leiande stillingar skal dokumenterast. Korleis dette skal implementerast i forvaltninga må greiast ut vidare.

§ 9. Plikt til å dokumentere informasjonssystem, databasar, register mv.

Ved å følge pliktene i denne paragrafen legg ein til rette for digital langtidsbevaring. Det bør arbeidast for felles løysingar for å kunne innfri denne paragrafen. Arkivplan med felles beskrivingar av system kan vere ei løysing.

§ 10. Plikt til å dokumentere ved automatisert rettsbruk

IKA Møre og Romsdal vil poengtere at dette er ei forbetring som vil forenkla argumentasjonen for kva som skal og må dokumenterast.

§ 12. Dokumentasjonsplikter i anna regelverk

IKA Møre og Romsdal er positiv til at dokumentasjonsplikt i anna regelverk blir samla. På den måten vil det bli enklare for den som er ansvarleg for dokumentasjon og arkivarbeid i eit organ å kontrollere om ein oppfyller lovkrav også utanfor lov om dokumentasjon og arkiv.

III. Krav til forvaltning av dokumentasjonen

§ 18. Forbod mot sletting

Paragrafen fastslår at sletting kan finne stad «med heimel i denne lova eller når plikt til å slette følger av anna lov eller forskrift» Dette er etter IKA Møre si oppfatning svært uheldig. Å fjerne Nasjonalarkivet si kassasjonsmyndigheit ut av lova medfører at kassasjonsspørsmål går frå å vere eit arkivfagleg spørsmål til å bli eit forvaltningsmessig og/eller politisk spørsmål. I gjeldande lov er Riksarkivarens myndigheit lovfesta. Det er ein viktig garanti for at forvaltninga ikkje sjølv etter eiga sjølvstendig vurdering skal kunne slette dokumentasjon. Sletting av arkiv skal kunne forsvarast i forhold til lova sin formålsparagraf og er primært ei arkivfagleg vurdering. Dette er ein myndigheit som berre Nasjonalarkivet bør forvalte. Det gir både kulturarven større vern og innbyggjarar i Noreg ei større grad av rettstryggleik. Ikkje minst vil tilliten til forvaltninga styrkast ved at ein ekstern kvalifisert part gjer uavhengig vurdering om arkiv skal kunne slettast eller ikkje.

Forslag til ny tekst i paragraf § 18: «Dokumentasjon omfatta av kapittel II kan berre slettast med heimel i denne lova, forskrift gitt med heimel i lova eller særskilt samtykke frå Nasjonalarkivet. Dette forbudet har forrang framfor forskrift om kassasjon i eller i medhold i kassasjon som følger av andre lover.»

§ 21. Overføring av digital dokumentasjon til utlandet

IKA Møre og Romsdal stiller spørsmål ved kvifor ein ved langtidsbevaring i utlandet må oppbevare ein kopi i Noreg når ein ikkje stiller same krav til digitalt arkivmateriale som er i dagleg bruk. Konsekvensane av dokumentasjonstap er store uavhengig om det gjeld avslutta eller aktivt arkiv. Det må på plass tydeleg rettleiingsmateriell som kan nyttast til støtte for å oppfylle §21. Forslaget inneber auka kompetanse.

IV. Særleg om personopplysningar

Bestemmingane i kap. 4, samt § 27 i lovforslaget skal vere med på å sikre harmonisering med personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR). Lova sit formål, dokumentasjon og langtidsbevaring av informasjon, står på mange måtar i eit spenningsforhold med personvernreglane. Det er derfor viktig at ei arkivlov tek vare på og harmoniserer med personvernregelverket, samtidig som den gir tydeleg og klar heimel til bevaring der dette er eit krav ved lov, og korleis personopplysningane i dokumentasjonen skal handterast.

Det er også eit poeng at stadig fleire lovverk fjerner seg frå spesifikke reglar og i større grad legg til rette for ei risikobasert tilnærming, med dertil større ansvar for compliance over på verksemdene. Dette gir ei større moglegheit til å anvende regelverket meir fleksibelt i den enkelte verksemda, men stiller også krav til fungerande internkontroll og gode prosessar for å handtere risiko. Også forslaget til ny arkivlov følger denne tendensen.

Det er kun ein særregel om arkiv i GDPR, artikkel 89. Dette er ein regel som fell utanfor dei allmenne arkivformåla, og skal gi depot moglegheit til å behandle/bevare personopplysningar der arkivformål ikkje er ein del av det opphavlege formålet med behandlinga.

§ 22. Informasjon om behandlingsansvar og felles behandlingsansvar

Bestemminga tar sikte på å forankre behandlingsansvaret den enkelte verksemda har etter personvernforordninga. Ansvaret skal både identifiserast og kommuniserast på nettsidene til behandlingsansvarleg.

Det kunne her ha vore tatt inn ein referanse til GDPR art 13, 14 og 30. som gir tilvising på kva slags informasjon som skal givast til ein registrert. Det seiast ikkje klart om dette skal givast ei enkeltopplysning, eller om det skal gjerast meir utførleg, som ei personvernerklæring. Kommunane og arkivdepota skal allereie ha ei slik erklæring på si nettside der det blir informert om behandlingsansvaret.

§ 23. Personopplysningar om avdøde personar

IKA Møre og Romsdal støttar ein løysing med samordning mellom arkivlova og forvaltningslova, slik den er utforma i dag med 60 år som normalregel. Vi kan likevel ikkje støtte dei foreslåtte særbestemmingane slik dei trer fram i det nye lovutkastet. Til dømes vil det kunne vere vanskeleg å gi innsyn i arkiv der det er vanskeleg å finne vedkomande sin dødsdato. På denne måten kan den nye 20-års regelen skyve moglegheitene for å nytte avleverte arkiv frå forvaltninga tilbake frå ca. 1960 til 1910. IKA Møre og Romsdal anbefaler at det blir innført eigne spesialbestemmingar i arkivlova som regulerer innsyn i arkiv som blir forvalta av arkivinstitusjonar. Desse må gjelde for både kommunale og statlege arkivinstitusjonar.

Vårt innspel til denne paragrafen må også sjåast i samanheng med § 33.

§ 24. Behandling av personopplysningar for arkivformål til nytte for allmenta

Som nemnt over, er det kun ein særregel om arkiv i GDPR, artikkel 89. Dette er ein regel som fell utanfor dei allmenne arkivformåla, og skal gi depot moglegheit til å behandle/bevare personopplysningar der arkivformål ikkje er ein del av det opphavlege formålet med behandlinga. Denne bestemminga er her tatt inn i arkivlova. Det må her presiserast at det kun er depot som kan behandle slikt arkivmateriale dersom det inneheld sensitive personopplysningar.

Slik den står no er bestemminga i hovudsak av rein prosessuell art, utan å gi nokon indikasjon på kva slags arkivmateriale som pliktsubjekta (kommunar, fylkeskommunar, depot) kan behandle. Det er positivt at lovutkastet legg opp til ei individuell vurdering av arkivmateriale. Særleg med tanke på at Noreg har ein arkivtradisjon som skil seg frå dei andre europeiske landa, så vil dette vere hensiktsmessig.

Opplysningane som behandlast etter paragrafane her skal også minimerast i medhald av Lovforslaget sin § 27. Kva dette vil innebere i praksis gir lovforslaget lite rettleiing om.

«Arkivformål i allmennhetens interesse» er først og fremst eit arkivfagleg omgrep, og Nasjonalarkivet, ikkje Datatilsynet, bør vere godkjenningmyndigheit for andre verksemdar som behandlar personopplysningar for arkivformål i allmenta si interesse. Uavhengig av kor avgjerda blir fatta må det vere ei klageordning til dømes på departementsnivå.

V. Langtidsbevaring og tilgjengeleggjering av arkiv

§26 Overføring av dokumentasjon til langtidsbevaring og § 8 Ansvar for langtidsbevaring og tilgjengeleggjering

Lovutkastet har inga samla og systematisk regulering av forhold knytt til overføring av dokumentasjon frå verksemdene som har skapt den, til langtidsbevaring og tilgjengeleggjering hos arkivinstitusjonar. Overføring av dokumentasjon (avlevering) til langtidsbevaring er ein kjerneprosess i relasjonen mellom arkivskapar og arkivinstitusjon. Det er viktig at rollene er klart definert. IKA Møre og Romsdal meiner at dette temaet bør greiast ut vidare og bli regulert meir eksplisitt i lovteksta. Fordeling av ansvar, oppgåver og kostnad må også knytast opp mot utvidinga av verkeområdet.

I §28 andre ledd blir Nasjonalarkivet pålagt å tilby kommunar og fylkeskommunar langtidsbevaring av digitale arkiv til sjølvkost. I utgangspunktet stiller IKA Møre og Romsdal seg positive til dette, men lovforslaget må bli følgt opp. Infrastruktur og tydeleg arbeidsdeling må på plass. Mange kommunar har via kommunale arkivinstitusjonar allereie investert betydelege midlar på dette feltet gjennom opprettinga av KDRS. Eit alternativ til at Nasjonalarkivet tilbyr tenesta til kommunar kunne vere å etablere KDRS som ei nasjonal, kommunal teneste. Dette føreset at Nasjonalarkivet legg til rette for utvikling av felles løysingar for langtidsbevaring av digitale arkiv.

§ 27. Minimering av personopplysningar ved overføring til langtidsbevaring

IKA Møre og Romsdal meiner at dataminimering ikkje må framhevast i lova som eit eige sikringstiltak. Langtidsbevaring av personopplysningar kan vere godt personvern. Ei fare med at det «skal» avtalast minimering med Nasjonalarkivet, er at det blir minimert i for stor grad, og at det blir minimert for minimeringa si skuld. Skal dataminimering skje må opplysningar om kva som skal minimerast bli dokumentert og godkjent av Nasjonalarkivet. Det er for vagt at ein berre skal «avtale» med Nasjonalarkivet ved dataminimering. Ein meir hensiktsmessig ordlyd kan vere «Nasjonalarkivet skal gi råd om i kva grad minimering skal skje og gje endeleg godkjenning».

§ 29. Mediekonvertering

IKA Møre og Romsdal vil påpeike at første ledd i paragrafen framstår vag og bør med fordel kunne vise til ein definisjon av begrepet 'holdbare medier og formater'. Kor lenge skal medium og format halde og kor mykje skal eit format tole? Det er ei utfordring at dagens fagmiljø som har kompetanse til mediekonvertering ikkje nødvendigvis har kompetanse til å vurdere kva som skal konverterast og kva for metadata som må følge med. Dette må sjåast i samanheng med §19 sitt krav om vedlikehald. Etterprøving av om dokumentasjonen er «ekte» etter mediekonvertering må greiast ut vidare med tanke på til dømes juridiske vurderingar.

Originalmateriale nyare enn 1950 skal etter denne paragrafen ledd 2 kunne destruerast etter digitalisering. IKA Møre og Romsdal kan ikkje sjå at utvalet har problematisert tidspunktet for når eit arkiv kan mediekonverterast. Vi ønsker at dette årstalet blir problematisert i større grad. For kommunalt arkivmateriale kunne det vere meir naturleg å sette eit skilje i 1992, med innføringa av ny kommunelov. IKA Møre og Romsdal kan heller ikkje sjå at utvalet har problematisert kven som skal bestemme om arkiv skal destruerast etter digitalisering og eventuelt kor lang karantenetid eit arkiv skal ha etter mediekonvertering før det kan destruerast.

Vilkåret for mediekonvertering er at dokumentasjonen ikkje blir mindre tilgjengeleg eller at den ikkje har historisk verdi. Begrepet historisk verdi er etter IKA Møre og Romsdal sitt syn lite tenleg. Eit dokument får ikkje mindre historisk verdi om det blir mediekonvertert. Det viktige her må vere at det kan finnast viktige *materielle* kvalitetar ved originaldokumentet som ikkje lar seg overføre til digital kopi, eller at disse har ein sterk *symbolverdi* som krev at originalen blir bevart.

§ 33. Bortfall av teieplikt etter overføring til Nasjonalarkivet

Reglane for teieplikt og innsyn i deponerte kommunale arkiv er tungvinte og fungerer ikkje. Kommunale arkivinstitusjonar kan etter dagens lovverk ikkje behandle forskarinnsyn. Det må hentast frå ulike departement. Dette bidreg til at kommunale arkiv i lita grad blir brukt som kjelde til kunnskap og forskning. Dette er uheldig. Arkivbevaring skal tilrettelegge for slik bruk. Etter IKA Møre og Romsdal sitt syn er dagens kommunale arkivinstitusjonar tilstrekkeleg fagleg kvalifiserte til å kunne bedømme førespurnadar frå forskarar og journalistar, om innsyn i det arkivmaterialet vi forvaltar. Vi meiner derfor at lovutkastet sin §33 tredje ledd bør utvidast til å også omfatte arkivmateriale i kommunale arkivdepot.

Som ein konsekvens av det vi foreslår ovanfor ønsker IKA Møre Romsdal følgande tittel på §33: Bortfall av teieplikt etter overføring til arkivinstitusjon.

VI. Private arkiv

§ 34. Koordineringsansvar for langtidsbevaring av private arkiv. Tilsyn

IKA Møre og Romsdal støttar forslaget om at fylkeskommunen får eit lovpålagt koordineringsansvar for det regionale arbeidet med privatarkiv og at det nasjonale koordineringsansvaret blir pålagt Nasjonalarkivet.

Formuleringane i punkt 1 og 2 om bevaring av arkiv med «vesentlig nasjonal» og «regional betydning» meiner vi er misvisande og bør ikkje kome med i lova. Dei er i strid med dagens praksis, der lokale og regionale institusjonar bevarer arkiv som er både av nasjonal og regional betydning – jf. Lepraarkiva (som er av internasjonal betydning, i Bergen byarkiv) og UNIDOS-arkivet (IKA Møre Romsdal). Å ta dette med i lova kan verke kontraproduktivt og føre til ansvarsfråskriving i fylkeskommunen når det gjeld regionale arkiv med nasjonal betydning. Vidare er formuleringa om at fylkeskommunen har «ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiver av regional betydning» misvisande. Fylkeskommunen bør koordinere det regionale arbeidet med privatarkiv som blir drive av ulike institusjonar. Arkiva desse bevarer kan sjølvstilt vere av både lokal, regional og nasjonal betydning.

IKA Møre og Romsdal meiner at Nasjonalarkivet må ha klare retningslinjer og ein nasjonal strategi som set rammer for det regionale privatarkivarbeidet. Det er også behov for at det blir utarbeidd ein nasjonal bevaringsplan i samarbeid med regionale bevaringsplanar.

§ 35. Bevaring og registrering

Forslaget om at private arkiv skal bevarast etter arkivfaglege prinsipp og registrerast i ein felles nasjonal katalog støttast. I tillegg til privatarkiv i «offentleg finansierte arkivinstitusjonar» bør det også stå i lovtteksts «og andre bevaringsinstitusjonar for arkiv» for å få med museum, bibliotek og lokalhistoriske arkiv.

VIII. Tilsyn, sanksjonar og straff

§ 41. Tilsyn og pålegg

IKA Møre og Romsdal er skeptisk til at ansvaret for å føre tilsyn med kommunale arkiv skal kunne flyttast frå Nasjonalarkivet til Fylkesmannen. Arkivtilsyn har dei siste åra blitt forbetra og harmonisert. Vi er redd for meir fragmentert tilsyn om ikkje tilsyn etter lova blir fagleg samla i eitt organ.

Forskning

Arkivinstitusjonar er kunnskapsorganisasjonar. Forsking og kunnskapsutvikling i arkivinstitusjonane er nødvendig for at ein skal løyse dei utfordringane arkivsektoren har og som lova tydeleg tar sikte på at ein skal løyse. IKA Møre og Romsdal meiner derfor at det bør kome inn eit punkt i lova om at arkivinstitusjonar skal drive med forskning og utviklingsarbeid, jf. §3-8 i spesialistenestelova der det blir presisert at dei einskilde sjukehusa i Noreg skal drive med forskning.

Å få inn i lova at arkivinstitusjonar skal drive med forskning og utvikling vil vere med på å underbygge formålsparagrafen og lova si hensikt. Arkivinstitusjonar legg i stor grad til rette for forskning. For å kunne gjere dette på ein tilfredsstillande måte er det viktig at arkivinstitusjonane driv med eiga forskning.

Felles nasjonal arkivstrategi

Til slutt vil IKA Møre og Romsdal peike på behovet for ein nasjonal arkivstrategi med klare satsingsområde. Ansvaret for å utarbeide ein slik nasjonal strategi meiner vi må ligge til Nasjonalarkivet. Strategien må utarbeidast i tett dialog med arkivsektoren.

Helsing

Geir Håvard Ellingseter
dagleg leiar
geir.havard.ellingseter@ikamr.no
971 50 011



Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur